

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FA-Q33, FA-Q12	19/1143

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
27/2019	Kommunestyret	PS	15.05.2019
40/2019	Formannskapet	PS	22.05.2019

Uttale til framlegg om å etablere bomstasjon ved Nordhordlandsbrua (Klauvaneset)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

Kommunestyret - 27/2019

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:

Meland kommunestyre oppmodar Statens vegvesen om å stanse arbeida med å etablere nye bomstasjonar på Flatøy inntil byrådet i Bergen sitt framlegg om å etablere bomstasjon ved Nordhordlandsbrua er avklåra.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og i Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der ein vurderer bompenggeinnkrevjinga i Bergensområdet under eitt.

Framlegg til vedtak frå Stian Lavik, KrF:

Kommunestyret i Meland reagerer på framgangsmåten til Bergen kommune i samband med å flytta bomstasjon til Klauvaneset. Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til dei som bur i Nordhordland. Vi vil gå i dialog med dei andre Alver-kommunane for å drøfta korleis vi skal ta opp saka med Bergen og fylkeskommunen.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og i Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der ein vurderer bompengerevjuinga i Bergensområdet under eitt.

Framlegg til vedtak i møte:

Formannskapet får fullmakt til å gje ein uttale i saka. Framlegg til vedtak vert oversendt formannskapet.

Avrøysting:

Oversendingsframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Formannskapet får fullmakt til å gje ein uttale i saka. Framlegg til vedtak vert oversendt formannskapet.

Formannskapet - 40/2019

FS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:

UTTALE FRÅ MELAND FORMANNSKAP TIL BYRÅDET I BERGEN

SITT FRAMLEGG OM Å FLYTTE BOMSTASJONAR I ÅSANE TIL NORDHORDLANDSBRUA

1 Meland formannskap vil på det sterkaste oppmode Hordaland fylkesting til å avvise byrådet i Bergen sitt framlegg om å flytte bompengerevjuinga i Åsane til Nordhordlandsbrua (E39 Klauvaneset).

Framlegget inneber i praksis å sende heile «bompengerekninga» til trafikantar frå Nordhordland.

2 Dersom fylkestinget ikkje avviser byrådet i Bergen sitt framlegg om å endre bompengerevjuinga i Åsane må arbeidet med å etablere bomstasjonar i Nordhordland stoppast snarast.

3 Byrådet sitt framlegg viser trongen for å samordne bompengerevjuinga i heile Bergensområdet under eitt. Meland formannskap vil be om at arbeidet med slik samordning startar snarast råd.

4 Det er eit absolutt krav at E39 Vågsbotn-Klauvaneset blir prioritert framfor ei eventuell bygging av bybane til Åsane.

5 Meland formannskap presiserer at Hordaland fylkesting må vurdere fullgode, men mindre kostnadsrevjujande alternativ til bybane i Åsane. Det blir anna synt til etableringa av Metrobuss Trondheim.

Framlegg til vedtak frå AP, SP, KrF:

UTTALE FRÅ MELAND FORMANNSKAP TIL BYRÅDET I BERGEN SITT FRAMLEGG OM Å FLYTTE BOMSTASJONAR I ÅSANE TIL NORDHORDLANDSBRUA

Formannskapet i Meland reagerer kraftig på framgangsmåten i samband med å flytta bomstasjonen til Klauvaneset. Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til kun dei som bur i Nordhordland.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der ein vurderer bompenggeinnkrevjinga i Bergensområdet under eitt. Det er eit ufråvikeleg krav at E39 Nordhordlandstunnelen blir prioritert og får hurtigast mogleg oppstart.

Det vil bli jobba vidare med saka i samråd med dei andre Alver-kommunane og regionrådet i Nordhordland.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland fekk 1 røyst for, (H), 6 røyster mot, (AP, SP, KrF, FrP, V), og fall.

Framlegg til vedtak frå AP, SP, og KrF fekk 5 røyster for, (2AP, SP, KrF, V), 2 røyster mot (FrP, H), og er såleis vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet i Meland reagerer kraftig på framgangsmåten i samband med å flytta bomstasjonen til Klauvaneset. Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til kun dei som bur i Nordhordland.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der ein vurderer bompenggeinnkrevjinga i Bergensområdet under eitt. Det er eit ufråvikeleg krav at E39 Nordhordlandstunnelen blir prioritert og får hurtigast mogleg oppstart.

Det vil bli jobba vidare med saka i samråd med dei andre Alver-kommunane og regionrådet i Nordhordland.